

# Margretha og skandinavismen

Det er i desse tider 600 år sidan dronning Margretha vart fødd. I Danmark har dei alt tala og skrive mange fagre ord kring høgtidi. Og me skynar at dette er eit gjævt minne for danske kvinner og menn, så lenge imperialismen lever i folket. Det er verre å skyna at nordmenn gjev seg med i lovsongen. Slikter ber bod um ei syrgeleg veik nasjonal ærekjensle og vitnar um ei like stussleg busmannsånd.

Me har lenge fylgt den nordiske verksemdi åt Norsk Riksringkasting, seint og tidleg, helg og yrkt, med nordiske fyredrag og andre tenkjelege og utenkjelege skandinaviske programpostar. Det norske folket skal tvangsførast, lærast opp til «at tänke nordisk», som skandinavistane segjer, få syn for «det större och rikare fädernesland», «det udvidede fædreland Norden». Me har snart vore vitne til nok einsretting. Då dei sende upptak frå siste truntaleordskiftet i Stortinget, passa medarbeidaren på og skar burt alt som vart sagt um Det nordiske rådet. Ingi usemje, takk! Han tok berre med eit par spake ord i sitt eige referat millom innleggi.

Botnen kjem Kringkastingi likevel til å nå med minnet um dronning Margretha. Det er ikkje nok at professor Halvdan Koht talar um henne so velviljut han kan i ei meir nøytral sending. Frampå ettersumaren fær me eit s a m o r d i s k montasjeprogram um Margretha, fortel Programbladet. Alle veit kva dette tyder.

Me lyt ha lov til å spyrja: Er me komme heilt i lumma på dei danske

skandinavistane? Eig ikkje Kringkast- ingi eit minstemål av historisk andsvar og nasjonal sømd?

Ingen skandinavist kan segja at professor Johan Schreiner er ein urimeleg historikar. I det nye verket sitt um millomalderen dryfter han ikkje eingong kvar den umstridde Rollo kom ifrå. Han nemner honom berre som «hovdingen Rollo». Men då Morgenbladet spurde Schreiner um dronning Margretha, svara han beint ut at ho «markerer en trist periode i Norges historie, og det er ingen grunn til å tro at vår generasjon vil komme til å vise noen interesse for henne».

Kringkastingi fekk venteleg framleget frå København. Men dei må vita at danskane nyttar ut dette Margretaminnet i arbeidet for ein ny nordisk union, og det på falskt grunnlag. Det var ikkje nordiske hugmål og kjærleik til dei tri folki som dreiv dronning Margretha. Det var einast dynastiske interesser og personleg makthug. Og Margretha gjorde alt ho evna til å tyna Noreg. «I det hele arbeidet dronning Margretha, da hun først hadde fått makten i hende, systematisk på å utslette Norge som selvstendig stat, og gjøre det til en provins av Danmark; det er hennes politiske program og testamente til sine etterfølgere», segjer professor Oscar Alb. Johnsen i «Norgesveldets undergang» (2. utg. 1944, s. 116).

Dette bør høgtidast, tykkjer Kringkastingi. Og endå kallar ho seg norsk! Påfunnet er eit sidestykke til den gamle skandinavplanen å reisa eit nordisk monument yver dronning Mar-

greta. Men det vert like mykje eit monument yver provinsåndi på Ma-rienlyst.

Skandinavistane har i det siste arbeidt seigt og planfast med å reinvaska ettermælet til dronning Margretha. Dei nyttar same frasone som meiningsbrørne sist i fyrre hundradåret: Margretha hadde alltid dei tri landi i tanke. Og unionen lukkast det å få i stand av di danskar, svenskar og nordmenn tykte dei hørde saman. Margretha er difor eit sant fyredøme i nordisk brorskap og samlingsstrev.

Denne historiske svindelen skal montasjeprogrammet tena. Tru ikkje at Statsradiofonien har tenkt å spreida sanning. Det burde kringkastingssjef Fostervoll vita, endå um han er nestformann i styret til Foreningen Norden og har gjeve ut bok «Arbeids-skandinavismen». Troels Lund skreiv i si tid at Kalmar-unionen var «en stor og dyb Tanke», Margretha samla med «Hjemmets Haand». Svensken Karl Petander, velkjend frå krigsåri, då han var med og sette i gang den svensk-danske agitasjonen for eit nordisk statssamband, hevdar i skriften «Nordens Förenta Stater» at Kalmar-unionen var ein storlagd freistnad på å løysa einskaps- og fridomsproblemet i Norden.

Desse tonane har aldri dåra nordmenn. Men no skriv Yngvar Hauge varme lovord um dronning Margretha i Morgenbladet. Hadde livsverket hennar vorte ståande, ville me ha kalla henne den store velgeraren i Norden. Det er både dumt og stutt-synt å lasta henne for di ho prøvde å gjennomföra ein idé som kunne ha gagna oss alle mest. Ein vert uviljande mint um historienemndene til Foreningen Norden: Heretter bør sogeskrivane «genom förkortningar och stryckningar tilgodose grannarnas önske-mål».


I det grunnleggjande verket sitt um

MØRGENBLADETS KRONIKK 25. SEPTEMBER 1953

## Det nordiske samarbeide og dronning Margaretha

Av Yngvar Hauge

DET ER tydelig at feiringen av 600 års-minnet for dronning Margarethas fødsel har satt enkelte sinn i sterke bevegelse. Både kringkastingsprogrammet og avisartiklene har vært gjenstand for angrep og kritikk. Dette gjelder ikke bare dronningens person og politikk, men også hele det samarbeide som idag drives mellom de nordiske land. Instruksene for kong Erik av 1405 sitter som det uigjendelige bevis på dronningens politiske kold-sinn, ikke minst overfor Norge. Men slik som f. eks. Fridtjof Sørbo former sin artikkelen i Dagbladet 24. august, får diskusjonen en langt bredere plass og et alvorligere innhold. Selv Nero har vært gjenstand for omvurdering, og det har hendt, ikke én men mange ganger i de senere år, at en eldre dom og karakteristikk er blitt revidert under nye og utvidede synsvinkler.



Kronikken idag:

### Det nordiske samarbeide og dronning Margaretha

Hvem skulle trodd at gamle dronning Margaretha ville bli brennbart politisk diskusjonsstoff igjen etter å ha hvilt i fred i Roskilde Domkirke i fem hundre og femti år? Men nu er hun blitt kåret som et slags symbol for det nordiske samarbeide, og skal seies i den egenkap av de nordiske kringkastningene i nærmeste fremtid, var egen utsendelse finner sted 30. september. I den anledning er det oppstått en bister polemikk fra sterkt nasjonalpreget norsk hold, og Yngvar Hauge tar i sin kronikk hele problemkomplekset opp til behandling.

dronning Margreta segjer den danske historikaren Kr. Erslev at skandinavistsynet på politikken hennar svarar ikkje til det røynlege. Gjerdi ho styrde på, syner dette fullgjort. Den skandinaviske synsmåten strider mot klare fakta. Han lyt kallast uhistorisk. Margreta fremja den danske yvermaki på kostnad av grannelandi. Unionen ho drog upp grunnlinone til, måtte i praksis skapa eit dansk rike som femnde yver heile Skandinavia; med andre ord alt anna enn ei «Forening».

I ei melding i Nyt Tidsskrift 1882 skriv Ernst Sars at han er samd med Ersley. I ljoset frå skandinavismen har mange historiske og politiske skribentar, serleg danske, lagt ein fin dām yver Kalmar-unionen og gjort han til eit midpunkt i norderlendsk soga. Unionen var det synlege merket på «en stor Tanke», og han var fyrebudd gjenom ein lang vokster som førde folki nærmere kvarandre. Når dei gjekk saman politisk, var det i kjensla av nasjonal einskap — med det målet å styrkja den nordiske nasjonalitet og frigjera han frå det tyske adels- og handelsveldet. Dette mislukkast av di unionskongane vanta evna og viljen til å arbeida i den ånd unionen var grunnlagd. — Desse fyrestellingane raknar og fell i røys, når ein granskar kjeldene, segjer Sars. Ersley syner at hadde unionen nokon «tanke», var det å grunnleggja eit dansk supremati yver dei hine landi. Det er eit mistak å tru at dronning Margreta gjorde seg til talsmann for ein skandinavisk nasjonalitet, legg Sars attat. Dei som kom på den tanken, såg gjenom skandinavismen sine brillor.

I «Kalmar-unionen og de skandinaviske Nationaliteter» (Udsigt III s. 24, Sm. Værker II s. 26) ~~hevdar~~ Sars at freistnaden på å gjeva einskapstanken

historisk grunnlag med ei lære um at det var den nordiske folkeåndi som skapte unionen, er «anvendt Skandinavisme, ikke Historie». Det har vore tala vakkert um dei stortenkte planane åt dronning Margreta, kor høgt ho sto yver si tid, um dei rike evnone, og korleis ått og oppsedding, som batt henne til alle tri folki, gjorde at ho fekk skoda langt inn i framtid. Ho skyna at nordisk samling var ei livssak for alle. Landi kom til å vinna ytre og indre styrke i eit politisk samlag.

Men alt dette er rein draumvev, meiner Sars. Hadde Margreta havt dei tankane med unionen som moderne skandinavistar segjer at ho hyste, burde dronningi ha gjort sitt til å gjeva samfestet eit åndsgrunnlag i ein levan-

Ho kunne ha skipa til samrådingsmøte og lært skandinavane å arbeida i lag. Hun kunne ha samla landi um eit sams fyremål, t. d. frigjering frå hansaveldet. Margreta gjorde ikkje noko av dette. Men det mest drepane for dei skandinaviske fantasiane er at «danskane» som skulle representera unionen og den nordiske folke-einskapen, jamnast var tyske.

Paleggi Margreta ga til Eirik av Pommeren, då han i 1405 skulle fara åt Norge, syner rette huglaget hennar. Eirik må ikkje ha dryftingar med alle riksrådane på ein gong; ikkje setja deim heilt til sides, men spryrja um råd og opplysningar i saker som verkar underlege. Kongen skal kalla til seg «understundom somme av dem og understundom somme», akta på at han «ljøfer dem, som han bedst kan». Rådmennene må haldast i godt humor. Då finn dei seg betre til rette med å vera politisk umyndige. Det er fyremålet.

Kongen skal fara fram like eins andsynes bøndene og heile det norske folket. Straks Eirik kjem til Norge, må han syta for at det er til stades nøgdi med tysk øl og mjød, «upå det at han plege dem vel med det første de komme til honom, at han ljøfer nordmennene, som han bedst kan». Etter planen skulle Eirik koma til Vinger 15. februar, og drikkevarone var i god tid køyrde hit på vinterføret frå Edsholm slott i Värmland. Margreta visste at nordmennene sakna det norske riksseglet, som ho hadde ført ned til Danmark. Ho rekna med at dei kravde å få det att, og rettleider kongen um korleis han skal hitta på narremåtar.

Politikken åt dronning Margreta vanta alt som kunne tyda på idealitet, tykkjer Sars. Han var ikkje skandinavisk i ordet si rette tyding, men materialistisk og personleg-dynastisk. Ho

de samhug millom dei tri folki.

åtte ikkje sans for stort anna enn dei materielle maktrådene åt kongedømet. Å skrapa saman jordgods og pengar, det var sant å segja viktigaste arbeidet hennar. I dette nådde ho verkelege høgder; her synte ho stordomen sin.

Unionspolitikken hennar tufta heilt og fullt på dansk grunn, skriv Oscar Alb. Johnson i «Norgesveldets undergang». Då Margreta kjende seg trygg, tok ho endå mindre umsyn til Norge og nordmennene enn til Sverige og svenskane. Med full vilje braut ho ned det norske sentralstyret og let landet liggja som ein «ladegård» under Danmark. «Med Calmar-unionen begyndte den ulykkelige Tid, da Norge maatte staa i Skyggen for Danmark», skreiv P. A. Munch i 1832.

Nó skal myrkret vendast til høgtid. Ikkje fyrr har me vunne den nye fridomen, fyrr me etter lät skuggar breidd seg yver landet. Er me dømde og førdømde, me nordmenn, spurde Gunnar Heiberg i 1905, til alltid å fara upp i 17. mai og 7. juni-sol, og like etter falla pladask i 4. november? Er dette ~~en~~ myrkraft i norske sinn?

Frå dei skandinaviske stødone skal me høyra den nye lovsongen. Men folket i byen og grendi, i dalen og på fjellet, på hav og utøy, — det er ikkje med. Det lyder enno til tonen i norsk liv.